
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: tirsdag 6. februar 2018 11.22
Til: Postmottak Radøy
Emne: Gbnr 18/5,14 Villanger - Sjøveg
Vedlegg: Skjeret 060218.pdf

Eg viser til kommunens brev av 12. 02. 2016, ref 16/340 - 16/2139 :
Byggesak Gbnr 18/5,14 Villanger - Sjøveg - orientering om arealføremål og prosess

Eg legg ved ei side med utsnitt av :

- Kommuneplanen (henta frå nemnde brev)
- Norgeskart
- Flyfoto (frå Norgeskart)
- Kart frå telefonkatalogen 1881

Ved nabovarslinga i 2009 fekk eg denne merknaden :

Vidar Mjøs

Fra: Harald Magne Villanger [mvillang@online.no]
Sendt: 29. mai 2009 10:58
Til: vidar-mj@online.no
Emne: Merknad til nabovarsel /orientering veg til Kupå

Hei Vidar.

Me har ingen merknader til ny veg ned til Kupå. Men me har vorte fortald at skjæret i Kupå (som vert ein del av anlegget ved sjøen) er felleseiga, og ynskjer difor at det vert dokumentert kva bruk som event. eig dette skjæret før du går i gong med å laga til båtopptrekk og liknande.

Ellers så går me ut frå at det framtidige prosjektet om utleigehusvære berre er ei orientering og ikkje eit nabovarsel som me skal uttala oss til i denne omgangen. Dersom me skal uttala oss til dette prosjektet no, så ynskjer me å få lengre frist til å koma med merknader.

Helsing

Vigdís og Harald Villanger

Etter at eg no i samband med ei sak på Tysnes har fått kjennskap til Landslottloven av 1930 og reglane der (§4) om fordeling av landslotten (3%) mellom bruka på garden med matrikkelskylda som nøkkel, ser eg at det kan liggja ei mogeleg forklaring på felleseiga sett i samanheng med kaste og låssetjingsplassen på Risnessida av Kylleren.

Olav Duun skriv siste bindet av Juvikfolke (Stormen) om ordførar Odin Sætran (han hadde fått bygdefolket med som aksjonærer i ein sildoljefabrikk) som gjorde eit «varp» (kast) på ein søndag og drog nota inn til si strand (og ikkje til rivalen Lauris på andre sida).

I tidlegare tider vart det kasta etter sild, makrell og pale med nøter som vart festa i land og dregne opp til tørk etter at fangsten var utgreidd. Strandområdet på 18/5,14 kan i teorien vera betre eigna til slikt enn stranda på den brattare og ovsolte Risnessida. Landslotten ville i så fall tilfalla bruka på Villanger til fordeling.

Mellom Kylleren og Villangervågen ligg ein morenerygg (Herdlamorenen) kalla «Mosesenen» der ein før i tida kunne vandra tørrskodd mellom Villanger og Risnes ved fjøre sjø (på same vis som Moses kryssa Raudehavet). Det går lite stimfisk inn her, sjølv etter kanaliseringa utført med gravemaskin på 1970- og -80-talet. Det vert fortald at det ein gong på 1930-talet «for ein dott innom Moses».

Skjeret på 18/5,14 vart gjort landfast og støypt over omkring 1960.

Spørsmål :

1. Korleis kan det forklarast at kommuneplankartet framleis viser omrisset av skjeret slik det var før 1960 ?
2. Kan kommunen framskaffa «manuskartet» til kommuneplanen for så vidt gjeld kaste- og låssetjingsplassen i Kylleren ?

Med helsing
Vidar Mjøs
Søre Renen 17
5099 Bergen
907 88 921